Vik kommune

VERDSARV

NÆRØYFJORDEN

VERDSARVKOMMUNE

Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon

Vintervedlikehald Vik kommune

2026-2029

#velkomentilvik

1. FORMÅL OG OMFANG

Denne kravspesifikasjonen gjeld vintervedlikehald av kommunale vegar i Vik kommune. Gjeld som overordna kravspesifikasjon for vedlegg 1

Kontrakten omfattar mellom anna:

- snøbrøyting
- fresing
- strøing/salting
- rydding av kryss og frisiktsoner
- oppfølging av framkomeleg heit
- dokumentasjon og rapportering
- beredskap

Arbeidet skal utførast slik at trafikksikkerheit, framkomeleg heit og tilgjenge for trafikantar, kollektivtrafikk, mjuke trafikantar og utrykkingskøyretøy blir ivareteke til ei kvar tid.

Entreprenøren skal halde alt nødvendig personell, maskiner, utstyr og administrasjon som er nødvendig for å oppfylle kontrakten.

2. KONTRAKTSOMRÅDE OG RODER

Kommunen har delt vinterdrifta inn i roder.
Kvar rode vil gå fram av:

- Vedlegg: rode 1 Fresvik , rode 2 Feios , rode 3 Vangsnes og rode 4 Arnafjord.
- eventuelle tilhøyrande areal
- prioriteringsklasse

Tilbydar skal tilby komplett rode dersom ikkje anna er uttrykkeleg oppgitt.
Oppdragsgivar kan tildele:

- éi rode
- fleire roder
- kombinasjon av roder

Dette vil bli vurdert ut frå:

- kapasitet
- pris
- kvalitet
- responstid
- geografisk plassering
- driftsmessige forhold

Oppdragsgivar tek atterhald om mindre justeringar av rodegrenser i kontraktsperioden.

3. KONTRAKTSPERIODE

Kontrakten gjeld for tre vintersesongar, frå 01.11.2026 til 31.03.2029, med opsjon på 1 +1 år vintersesong.
Ordinær beredskapsperiode er for Fresvik, Feios, Vangsnes og Arnafjord 01.11– 31.03 kvart år.

Kommunen kan ved behov utvide perioden ved ekstraordinære vêrforhold.

4. GENERELLE KRAV TIL UTFØRING

Arbeidet skal utførast:

- fagmessig
- aktsamt
- i samsvar med gjeldande lover og forskrifter
- i samsvar med denne kravspesifikasjonen
- slik at skade på personar, eigedom og infrastruktur blir unngått

Vegar og areal skal haldast tilfredsstillande framkomelege gjennom heile vinterperioden.
Brøyting og strøing skal utførast slik at:

- trafikk kan avviklast sikkert
- kollektivtransport kan gjennomførast
- Det skal vanlegvis berre strøast inn til ein gong pr døger.
- Ein skal vere tilbakehalden med strøing på rimfrost på asfalt då strøsand fort vert køyrd ut av hjulspora.
- Vurdere punktstrøing.

Entreprenøren skal kontinuerleg overvake lokale vêr- og føreforhold innan eigne roder.

5. KRAV TIL BRØYTING

5.1 Utløysande kriterium

Brøyting skal setjast i gang når eitt av følgjande kriterium er oppfylt:

Føreforhold	Tiltakskriterium
Våt snø	7 cm
Tørr snø	10 cm
Utkalling frå kommunen	Umiddelbart

Kommunen kan til ei kvar tid krevje oppstart uavhengig av snømengde.

5.2 Responstid

Entreprenøren skal:

- vere tilgjengeleg heile døgnet i beredskapsperioden
- kunne starte arbeidet innan 60 minutt etter utkalling
- oppretthalde kontinuerleg drift ved vedvarande snøvêr

5.3 Kvalitetskrav

Vegar og areal skal:

- brøytast i full bredde
- ryddast ned til fast dekke
- ha tilfredsstillande sikt i kryss og avkøyrsler

Gang- og sykkelvegar skal ikkje sperrast av snø frå vegbanen.

Snørankar over:

- gangfelt
- kryss
- busslommer
- leskur

skal fjernast fortløpande.

5.4 Fristar

Oppgåve	Frist
Rydding av veikryss	Innan 24 timar
Frisikt ved skilt	Innan 24 timar
Siktrydding i kryss	Innan 24 timar

6. PRIORITERING

6.1 Vegar

Hovedveg i boligfelt og hovedveg for øvrig prioriteres før mindre trafikkerte veger når det er nødvendig å foreta prioriteringer.

6.2 Kommunale bygg og plassar

Objekt	Ferdig innan
Barnehagar	06:30
Skular	07:30
Vegar/snuplassar/møteplassar	08:00

Det skal ikkje utførast ordinær brøyting ved skular og barnehagar i opningstid med mindre kommunen særskilt bestiller dette.

7. STRØING OG SALTING

7.1 Generelle krav

Entreprenøren skal utføre strøing ved:

- glatt vegbane
- fare for ising
- underkjølt regn
- polert snø/is
- særleg glatte parti

Kommunen kan krevje ekstra strøing ved behov.

7.2 Strømiddel

Det skal nyttast:

- strøsand 2–6 mm
- eventuelt salt etter avtale med kommunen

Strømiddel skal tilfredsstille gjeldande miljøkrav.
Vik kommune held sjølv nødvendig strøsand og lager dersom ikkje anna er avtalt.

7.3 Dokumentasjon

All strøing skal dokumenterast digitalt med:

- tidspunkt
- rode
- mengde
- type strømiddel
- utførande maskin

8. SNØLAGRING OG BORTKØYRING

Entreprenøren skal gjennom ordinær brøyting sørgje for tilfredsstillande snøopplag innanfor tilgjengelege sideareal.
Bortkøyring av snø skal ikkje utførast utan bestilling frå kommunen.
Kommunen:

- avgjer når bortkøyring skal gjennomførast
- peikar ut godkjent deponi/lagerplass
- sørgjer for nødvendige løyve

9. BEREDSKAP

Entreprenøren skal ha døgnkontinuerleg beredskap i perioden 01.11–31.03 – Fresvik, Feios, Vangsnes og Arnafjorden.

Beredskapen omfattar:

- tilgjengeleg maskin
- tilgjengeleg sjåfør
- fungerande kommunikasjon
- reservemaskin
- reservesjåfør

Entreprenøren skal kunne motta utkalling frå kommunen heile døgnet.
Mobiltelefon skal vere tilgjengeleg under utføring av arbeid.
Kommunen har rett til å instruere entreprenøren om endringer i prioriteringer og rekkefølge for utførelse.

10. KRAV TIL MASKINER OG UTSTYR

10.1 Generelle krav

Alle maskiner og alt utstyr skal:

- vere godkjent for aktuell bruk
- vere i forsvarleg teknisk stand
- ha nødvendig kapasitet
- vere tilpassa aktuell rode
- tilfredsstille gjeldande lover og forskrifter
- minimum EU Stage V (steg 4)

Alle maskiner skal ha:

- godkjent gult varsellys
- førstehjelpsutstyr
- brannsløkkingsapparat

10.2 Reserveløysing

Entreprenøren skal disponere reservemaskin og reserveutstyr.
Ved havari skal reserveutstyr kunne settast inn innan 24 timar.
Kommunen skal varslast utan ugrunna opphald ved havari som påverkar beredskap eller framdrift.

10.3 Dokumentasjon

Entreprenøren skal ved inngiving av tilbod levere:

- maskinoversikt
- registreringsnummer
- kapasitet
- type utstyr
- dokumentasjon på godkjenningar

Om tilbyder held på å anskaffe utstyr til å gjennomføre oppdraget, skal det leggast ved dokumentasjon på dette (kjøpekontrakt ol. Med leveringsdato) og dokumentasjon på eigarskap/leigeavtalar skal være levert før kontraktsoppstart

11. KRAV TIL PERSONELL

Sjåførar skal:

- ha nødvendige sertifikat
- ha dokumentert opplæring
- ha erfaring frå vinterdrift
- kunne kommunisere tilfredsstillande på norsk eller engelsk

Entreprenøren skal kunne dokumentere:

- førarkort
- kursbevis
- HMS-opplæring
- opplæring i førstehjelp
- opplæring i bruk av brannsløkkingsutstyr

Entreprenøren skal disponere reservesjåfør.

12. HMS OG SHA

Entreprenøren skal ha eit dokumentert HMS-system.

Entreprenøren skal:

- gjennomføre risikovurderingar
- sikre forsvarleg arbeidsutføring
- rapportere avvik og nesten ulykker
- følgje gjeldande arbeidsmiljøregelverk

Det skal visast særleg aktsomheit:

- ved skular og barnehagar
- ved kryssing av gangfelt
- ved bruer
- ved kollektivpunkt
- ved arbeid nær mjuke trafikantar

13. MILJØKRAV

Entreprenøren skal arbeide aktivt for å redusere miljøbelastning frå vinterdrifta.
Det blir stilt følgjande minimumskrav:

- maskiner skal minimum være EU Stage V (steg 4)
- krav til digital planlegging og rapportering
- krav til dokumentasjon og sporing av utført arbeid
- reglar for reduksjon av tomgangskøyring
- tomgangskøyring skal avgrensast
- hydraulikkoljer skal vere miljøtilpassa der mogleg
-
-

Kommunen kan krevje miljørapportering i kontraktsperioden.

14. DIGITAL DOKUMENTASJON

Entreprenøren skal nytte kommunen sitt digitale registreringssystem.
Alle oppdrag skal dokumenterast med:

- tidspunkt
- GPS-posisjon
- rode
- utført aktivitet
- avvik/hindringar
- bilete ved behov

Ved systemsvikt skal entreprenøren dokumentere manuelt og registrere i systemet så snart dette er tilgjengeleg.

Entreprenør held utstyr som blir brukt til dette, telefon eller nettbrett.

Oppdragsgjevar

---

15. AVVIK OG MISLEGHALD

Manglande oppfylling av krav kan bli registrert som avvik.
Avvik kan mellom anna gjelde:

- manglande utkalling
- forseinka oppstart
- mangelfull brøyting
- mangelfull strøing
- manglande dokumentasjon
- manglande beredskap
- brot på HMS-krav

Entreprenøren skal få høve til å uttale seg før eventuelle økonomiske reaksjonar blir sett i verk.
Kommunen kan nytte:

- Avvikstrekk – fastsetes etter meirkostnad for oppdragsgjevar

- Dagmulkt – 5 % av beredskapssum, minimum 1500 kr pr dag
- krav om retting
- heving ved vesentleg mislighald

Nærare reglar går fram av kontraktsvilkåra.

16. SKADER OG ERSTATNINGSANSVAR

Entreprenøren er ansvarleg for skader som blir påført:

- kommunal eigedom
- privat eigedom
- køyretøy
- rekkverk
- gjerde
- kantstein
- teknisk infrastruktur

Skadar skal meldast til kommunen utan ugrunna opphald.

Entreprenøren skal ha gyldig ansvarsforsikring som dekkjer arbeid etter denne kontrakten.

17. SAMARBEID OG RAPPORTERING

Entreprenøren skal samarbeide med:

- kommunen
- andre entreprenørar
- kollektivaktørar
- naudetatar

Entreprenøren skal delta på:

- oppstartsmøte
- driftsmøte
- evalueringsmøte
- tilsyn ved behov

18. EKSTREMVÊR OG FORCE MAJEURE

Ved ekstraordinære vêrforhold kan kommunen mellombels endre prioritering og kvalitetskrav. Dette kan mellom anna gjelde:

- ekstrem nedbør
- storm
- rasfare
- stengde vegar
- naturhendingar

Entreprenøren skal likevel oppretthalde best mogleg framkomeleg heit innanfor tilgjengelege ressursar.